



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 20.09.2018

**Møtestad:** Konferanserommet

**Møtetid:** 09:00 - 14:00

I møtet vert det orientert om:

Oppfølging av raset ved fotballbana på Mobøen

Status for landbruket i Modalen

Status pleie og omsorgssektoren i Modalen

Status investeringsprosjekt teknisk sektor

Status barnehagesektoren i Modalen

Tvistesak

I tillegg vil Norsk Vind Energi informere om mogleg utredning av vindkraftprosjekt i Modalen

| Frammøtte medlemmer    | Parti | Rolle        | Merknad |
|------------------------|-------|--------------|---------|
| Tom Kristian Thorsen   | SO    | Ordførar     |         |
| Linda Neset            | SO    | Medlem       |         |
| Ann-Jorunn Farestveit  | SO    | Medlem       |         |
| Frank Stian Steinsland | SO    | Medlem       |         |
| Håvard Engeseth        | SO    | Medlem       |         |
| Sigmund Vikane         | SO    | Medlem       |         |
| Robert Helland         | SO    | Medlem       |         |
| Kristin Nåmdal         | SA    | Varaordførar |         |
| Liv Anne Aanesen       | SA    | Medlem       |         |
| Kjetil Eikefet         | SA    | Medlem       |         |

|                    |    |        |  |
|--------------------|----|--------|--|
| Roger Wilhelm Fure | SA | Medlem |  |
| Anne Britt Almelid | SA | Medlem |  |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle  | Merknad       |
|---------------------------|-------|--------|---------------|
| Svanhild Moberg Nordaas   | SA    | Medlem | Meldt forfall |

| Frå administrasjonen: | Funksjon:            | Rolle          | Merknad |
|-----------------------|----------------------|----------------|---------|
| Jo Bjarte Tømmerbakke | Rådmann              | Møtesekretær   |         |
| Ove Sæbø              | Assisterande rådmann | Administrasjon |         |
| Tone Selmer Skuggevik | Teknisk sjef         | Administrasjon |         |

## **Sakliste**

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>  |
|--------------|--|
| 033/2018     | Godkjenning av innkalling og saksliste   |
| 034/2018     | Godkjenning av møtebok   |
| 035/2018     | Orienteringssaker  |
| 036/2018     | Avtale om veterinærtenester i Voss vest og Voss aust vaktdistrikt til år 2020  |
| 037/2018     | Etablering av felles NAV-kontor saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune. |
| 038/2018     | Oppgradering av fellesareal Modalstunet  |
| 039/2018     | Søknad 2 om tilleggsopptak for startlån for vidareutdeling 2018                |

**Notat frå møtet:**

033/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samråystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

034/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samråystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

035/2018: Orienteringssaker

Behandling:

**Vegstandard Modalen**

Kristin Nåmdal ba ordføraren orientere om status for vegstrekket Mo - Romarheim, samt Nordhordlandspakken. Etterspør i tillegg statusrapport for modalsvegen, jfr. KS-drøftingar; kva parti skal prioriterast til kva tid?

Ordførar: Noko tildeling gjort slik at enkle tiltak vart utført. Asfaltering vart utsatt grunna høge oljeprisar. Uklart utover dette. Vegvesenet orienterer på sine nettsider kva planar som ligg føre. Ordføraren har tatt kontakt med vegvesenet, men utan at det vart gjeve dekkande tilbakemelding. Ligg føre planar for 3 - 4 km asfaltering, samt nokre stikkrenner. Veg 569: ingen signal om tiltak. Ordføraren vil skrive brev til Statens vegvesen kor ein ber om tilbakemelding/plan for vidare framdrift. Dette må orienterast tilbake til kommunestyret.

Ordførar: Nordhordlandspakken: Lite nytt - prosjektering føregår. Sigmund Vikane: støttar Nåmdal i å vere aktive og gjere oss synlege i prosessen.

## **Status landbruket i Modalen**

Landbruksjef Laila Bjørge holdt presentasjon: Synte utvikling i bruk, landbruksareal/arealressursar og dyrehald. Vilt/hjort: tildelte og felte dyr, hogst. Div andre tiltak: bondelunsj, innsamling av landbruksplast, Smaken av Nordhordland m.m. Sigmund Vikane: Har kommunen gode tiltak for å sikre at bønder får gode kår (etablering/utvikling)? Bjørge: Næringsfondet har vore viktig (overtaking av gard, maskintilskot), fast kontaktperson i kommunen, Kari des Bouvrie (Landbruksavdelinga, Fylkesmannen): Orienterte om organisert beitebruk i utmark, tilskot, erstatningsordning avlingssvikt, FM har ei aktiv rolle i næringsutvikling på garden.

## **Ras v/ fotballbana**

Rådmannen orienterte om hendinga/status. Tiltak på kort sikt; stenging og innhenting av kompetanse for vegen vidare. Teknisk sjef Tone S. Skuggevik orienterte nærmere; Geolog har utarbeidd rapport. Framleis risiko for ras. Det har gått ras også tidlegare. Staden vert halden stengt inntil vidare. Fjellreinsking v.h.a. helikopter er førebels anbefalinga. Linda Nesi: Korleis vurderer ein områda utover berre v/ bana m.o.t. rassikring? Skuggevik: i første omgang vert fokus på området ved fotballbana. Ordførar: finns det eit tidsplan? Rådmann: Ikkje avklara enno. Ein må avklare tiltak, samt kostnadsbilete.

## **Investeringsprosjekt 2018 - status**

Teknisk sjef Tone S. Skuggevik orienterte om status for investeringsprosjekta i budsjettet for 2018: Asfaltering Helland: ferdig med, kjøkken barnehagen: ferdig, flytting VA-leidning Otterstad: på vent, oppgradering flytebrygge: under arbeid, flaumførebyggjing/utlaup Modalselva: i gang med prosessen, Oppgradering brannstasjon/industribygget: oppstart haust, digitalisering byggesaksarkiv: skjer fortløpende no, ventilasjonsanlegg bustad på Kleivane: ferdig, Sigmund Vikane: etterspurde nærmere kostnadsbilete for brannstasjon? Skuggevik: ikkje avklara. Rådmannen: hurtigladestasjon: oppstart september 2018. Roger Fure: etterspør tal straumuttak langs bryggja. Skuggevik: økonomiske rammer tilseier noko reduksjon, men føl liggeplan for båthamna.

## **Pleie og omsorg - moglege tiltak for å halde budsjett.**

Ass. rådmann orienterte om økonomi, samt tiltak som har kostnadseffekt. Medlevarturnus for sjukepleiarar f.o.m. jan 2019 er eit tiltak som har forventa effekt. Sigmund Vikane etterspør meir djuptgripande tiltak. T.d. å sjå på drifta som heilskap: kva type drift skal ligge til grunn. Rådmannen viste til at ein gjerne må sjå på det grunnleggande - kva type drift skal ein ha.

## **Norsk Vind Energi**

Presentasjon vart halde av Espen B Christoffersen, Arne Lånke og Per O. Skorpen.

- potensielt stort prosjekt - størst i Europa, eksisterende nett/infrastruktur er gode, positive tilbakemeldinger frå grunneigarar, har orientert ordførar/rådmann om sine idéar. Status: prøve å inngå avtalar med grunneigarar i haust. Sende melding om utgreiingsprogram til NVE. Denne vil komme ut på høyring i etterkant.

Presentasjon av selskapet. Synte fram vidare prosess fram mot evt. realisering av prosjekt. Ei evt. melding vil synleggjere ulike tema inn mot ein evt. søknad om konsesjon. Det vil innebere t.d. lokal verdiskaping m.m. Inngripen i t.d. Mostraumen m.m vert greia ut i meldinga. Inngipen i naturen der vindparken skal vere: vegar, plasseringspunkt m.m. kan ikkje vere konkret på noverande tidspunkt - avhengig av endeleg plan. 70 møller gir ca. 35 km veg. Prognose: mindre enn 7 år frå oppstart til konsesjon.

Turlaget: orienterte om at meldingar òg har vore lagt vekk. Bad Norsk Vind Energi om å kommentar til nasjonale rammer for utvikling av vindkraft. Norsk Vind Energi er spent sjølve, men driv prosess parallelt. Norsk Vind føl utviklinga i NVE / erfaringar og søker å forholde seg til dette. Understrekar at

melding føl ein metodikk. Spm om storleik/teknologi: mogleg totalthøgde på ca. 300 m høgde. Mogleg lågare på høgfjell. Usikker på kva teknologi som finns om 5 - 7 år.  
Kjetil Eikefet: stort og viktig spørsmål.

Tilleggsinformasjon på slutten av dagen:

Ordføraren orienterte om NVE-høyring. Det vert etterspurt informasjon av fagleg karakter som kunne fylle ut det informasjonsbiletet som NVE allereie har.

Kristin Nåmdal: Adm. bør skrive eit innspel til politisk handsaming som skal drøftast og sendast som innspel til NVE-høyring.

Setje ned hurtigarbeidande gruppe med ordførar, varaordførar og 1 stk. frå administrasjonen.

### **Status barnehagen**

Styrar Grete Urdal holdt presentasjon. Barnetal/-plassar, bemanning, satsingsområde, økonomi, nye utfordringar haust 2018, bemanningsnorm, pedagognorm, utfordringar i drifta: meir sårbart når bemanningsnorm vart nedjustert frå 1/5 til 1/6 (vaksen/barn). Har fått nytt kjøkken!

Rådmannen gjorde greie for forholda rundt bemanningsnorm, jfr. budsjettvedtak for 2018.

### **Twistesak**

Ordførar låg fram forslag om å lukke møtet i samband med orientering om status i twistesak.

Forslaget om lukking av møtet under denne orienteringa er heimla i Kommuneloven § 31 pkt 4, som seier at eit folkevalgt organ kan vedta å lukke eit møte når omsynet til personvern krev det.

Føresegna krev at det må gjerast ei konkret vurdering der omsynet til personvern vert vegg opp mot ålmenta si interesse av å vere til stades under møtet. Kommunestyret var samråystes i at i denne saka veg personvernet tyngst, og at møtet skal lukkast under ordføraren si orientering.

### **Vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

---

### **036/2018: Avtale om veterinærtenester i Voss vest og Voss aust vaktdistrikt til år 2020**

#### **Behandling:**

Rådmannen orienterte om veterinærsamarbeid med Voss aust og Voss vest vaktdistrikt.

Sigmund Vikane: Korleis kan ein finansiere drift frå næringsfondet? Rådmannen: Dette er eit reint tilskot etter vurdering frå økonomisjefen. Kommunane betaler ikkje ut løn til veterinærane.

Sigmund Vikane låg fram forslag om tilleggspunkt i vedtaket: Frå 2019 vert tilskotet til veterinær på kr. 140 833,-.

Rådmannen sitt framlegg med Vikane sitt tilleggspunkt vart samråystes vedteke

Vedtak:

1. Modalen kommune løyver kr 157 500,- i tilskot for 2018, som er Modalen kommune sin eigenandel for å sikre tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust). Tilskotet vert finansiert frå Næringsfondet. Frå 2019 vert tilskotet til veterinar på kr. 140 833,-.
2. Modalen kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt geografiske veterinærrområde på dagtid.
3. Modalen kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakts i Voss vest vaktdistrikt og Voss aust vaktdistrikt

Vedtaket vert grunngitt med at kommunane i 2008 fekk ansvar for å sikra tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell innanfor ordinær arbeidstid og ansvar for å organisera ein klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid.

---

037/2018: Etablering av felles NAV-kontor saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune.

Behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte om saka og svara på spørsmål  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

1. **Modalen kommune tek del i felles NAV-kontor saman med Gulen kommune og Masfjorden kommune gjennom ein vertskommuneavtale etter kommunelova § 28. Masfjorden kommune vert vertskommune.**
2. **Modalen kommune er positiv til at også Fedje kommune og Austrheim kommune tek del i felles NAV-kontor saman med kommunane Modalen, Masfjorden og Gulen.**
3. **Organisering av nytt NAV-kontor vil komme fram av ny partnerskapsavtale.**
4. **Nytt NAV-kontor for kommunane Gulen og Masfjorden er planlagt frå 01.11.18, med oppstart 01.01.19. Modalen kommune sluttar seg til denne framdriftsplanen.**
5. **Det skal vere min. 1 dag i veka kor NAV-kontor i Modalen skal vere bemanna slik at kommunen sine brukarar kan komme innom, evt. etter avtale.**

**Modalen kommune stiller kontor/møterom til rådvelde.**

**6. Tenestene som inngår i nytt felles NAV-kontor tilsvarer minimumstenester, jfr. § 13 i Lov om sosiale tenester. Desse omfattar:**

- Opplysning, råd og rettleiing, herunder økonomisk rådgjeving.
- Økonomisk stønad til livsopphald.
- Mellombels butilbod.
- Individuell plan.
- Kvalifiseringsprogrammet.
- Aktivitetsplikt.
- Gjeldsrådgjeving.

**Samkøyring av tenester utover basistenestene med utgangspunkt i kva kommunane sjølve finn mest fordelaktig kan finne stad i fortsetjinga.**

---

038/2018: Oppgradering av fellesareal Modalstunet

Behandling:

Orientering v/ teknisk sjef Tone S. Skuggevik.

Sigmund Vikane: bør vurdere å redusere kostnader til konsulent.

Håvard Engeseth: bør vurdere å be om nytt tilbod som skal løysast innanfor opprinnelig ramme.

Linda Nesi: vil fremme forslag om å halde seg innanfor opprinnelig ramme.

Sigmund Vikane: føreslår ramme på kr. 1 700 000,-.

Ordføraren tok Linda Nesi og Sigmund Vikane sine framlegg opp til voting.

Linda Nesi sitt framlegg fekk 5 stemmer:

- Frank Stian Steinsland
- Håvard Engeseth
- Robert Helland
- Ann-Jorunn Farestveit
- Linda Nesi

Sigmund Vikane sitt framlegg fekk 7 stemmer:

- Tom K. Thorsen
- Kristin Nåmdal
- Anne B Almelid
- Liv Anne Aanesen
- Kjetil Eikefet
- Roger Fure
- Sigmund Vikane

**Vedtak:**

Det vert gjort ei ekstraløyving på kr 200 000,- til prosjektet oppgradering av fellesstova og arbeidsstova på Modalstunet. Samla løyving vert då kr 1 700 000,-

---

**039/2018: Søknad 2 om tilleggsopptak for startlån for vidareutdeling 2018**

**Behandling:**

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte om saka  
Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Modalen kommune søker Husbanken om kr. 2 470 000,- i tilleggsløyving til vidarefordeling av startlån og tilskot i 2018.

---